

Meland kommune  
**PLANOMTALE**

# MELAND KYRKJEGARD

---

**Planid: 1256 2018 0002**  
**Dato: 12.04.2019**  
**Versjon: 01**





## Dokumentinformasjon

<b>Oppdragsgjevar:</b>	Meland kommune
<b>Tittel på rapport:</b>	Planomtale
<b>Oppdragsnamn:</b>	Utviding Meland kyrkjegard Reguleringsplan
<b>Oppdragsnummer:</b>	608218-01
<b>Skriven av:</b>	Hilde Ruud, Helene Helland og Karianne Eriksen
<b>Overordna kvalitetssikrar:</b>	Karianne Eriksen
<b>Oppdragsleiar:</b>	Karianne Eriksen
<b>Tilgang:</b>	Åpen

## Innleiing

Asplan Viak AS har på oppdrag frå Meland kommune utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan, i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova, for utviding av gravplassen på Meland og ny tilkomst til Bjørnestad.

### Samandrag

Føremålet med planen er å legge til rette for utviding av gravplassen på Meland med ny veg og parkeringsplass til øvre nivå, og ny tilkomst til Bjørnestad. Utvidinga skal ferdigstille førre utviding. Planomtala gjer kort greie for planområdet si plassering ved Meland kyrkje og planområdet sine forhold til overordna planar og strategiar. Planen klargjer mål, prinsipp og planen sine vesentlege verknader i forhold til miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova. Det er ingen vesentlege verkander av planen som gjer at utviding er vanskeleg.

### Bidragsytarar

Karianne Eriksen har vore oppdragsleiar. Hilde Ruud har vert sentral medarbeidar på plandokumenta, fagansvarleg for landskap og utarbeid illustrasjonsplan. Helene Helland vert medarbeidar på planskildringa. Plankart er utarbeid av Eva Osberg.

Kjell Arne Valvik hatt fagansvar for fagtema kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Rune Lunde har hatt fagansvar for tema akvatisk naturmangfald, og Anette Gundersen har hatt fagansvar for terrestrisk naturmangfald. Ingri Dymbe Birkeland har hatt fagansvar for fagtema flaum.

Vår kontaktperson og oppdragsansvarleg hjå kommune har vore Berit M. Eskeland.

01	12.04.19	Planomtale for politisk handsaming	KE	HR
00	21.12.18	Nytt dokument. Til arbeidsmøte med kommunen	HR /HH	KE
<b>VERSJON</b>	<b>DATO</b>	<b>SKRILDRING</b>	<b>SKRIVEN AV</b>	<b>KS</b>

## Innhald

<b>1. BAKGRUNN .....</b>	<b>5</b>
<b>2. PLANPROSESSEN .....</b>	<b>6</b>
2.1. Opstartsmøte .....	6
2.2. Kunngjering av oppstart av planarbeid .....	6
2.3. Avklaringar med offentlege mynde.....	6
<b>3. TILHØVET TIL KU-FORSKRIFTA .....</b>	<b>7</b>
<b>4. PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER .....</b>	<b>8</b>
4.1. Nasjonale føringar til kommunal planlegging .....	8
4.2. Kommuneplanens arealdel .....	8
4.3. Gjeldande reguleringsplan .....	9
4.4. Eigedomstilhøve.....	10
<b>5. SKILDRING AV PLANOMRÅDET (DAGENS SITUASJON) .....</b>	<b>11</b>
5.1. Lokalisering og storleik på planområdet .....	11
5.2. Dagens arealbruk .....	11
5.2.1. Meland gravplass .....	11
5.2.2. Utvidingsarealet for gravplass og veg /parkering .....	13
5.2.3. Tilgrensande arealbruk .....	14
5.3. Universell tilgjenge.....	14
5.4. Topografi / landskapstrekk .....	14
5.5. Naturmangfald .....	14
5.6. Landbruk .....	15
5.7. Kulturminne og kulturmiljø .....	15
5.8. Grunntilhøve, skred og flaum .....	18
5.9. Veg og trafikktilhøve .....	19
5.10. Vatn og avlaup .....	20
5.10.1. Vassforsyning og brannvatn .....	20
5.10.2. Spillvann og overvann .....	20
<b>6. SKILDRING AV PLANFORSLAGET .....</b>	<b>21</b>
6.1. Innleiing.....	21
6.2. Reguleringsføre mål .....	22
6.3. Bygningar og anlegg .....	24
6.3.1. Kyrkje/anna religionsutøving .....	24
6.3.2. Grav og urnelund .....	24
6.3.3. Nødvendige bygg og anlegg for grav- og urnelund .....	27
6.4. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur .....	28
6.4.1. Veg .....	29
6.4.2. Gangveg/gangareal .....	30
6.4.3. Annan veggrunn – grøntareal .....	31
6.4.4. Parkeringsplasser .....	31
6.5. Vatn- og avløp .....	32
6.6. Grønstruktur .....	32
6.6.1. Park .....	32

6.6.2. Vegetasjonsskjerm .....	32
6.7. Landbruk- natur- og friluftsområde .....	33
6.7.1. LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksmed basert på resursgrunnlaget på garden .....	33
6.7.2. LNFR formål kombinert med andre angitte hovudformål.....	33
6.8. Omsynssoner.....	33
6.8.1. Høgspenningsanlegg .....	34
6.8.2. Bevaring naturmiljø.....	34
6.8.3. Bevaring kulturmiljø .....	34
<b>7. VERKNADER AV PLANFORSLAGET.....</b>	<b>35</b>
7.1. Miljø .....	35
7.1.1. Landskap .....	35
7.1.2. Naturmangfald .....	35
7.1.3. Kulturmiljø.....	35
7.1.4. Nærmiljø og friluftsliv .....	35
7.1.5. Støy og forureining.....	36
7.2. Samfunn .....	36
7.2.1. Arealbruk og jordvern .....	36
7.2.2. Egedomsstruktur .....	37
7.2.3. Barn og unge .....	37
7.2.4. Trafikk og parkeringstilhøve.....	37
7.3. Oppsummering av verknadane .....	38
7.4. Oppfølging av naturmangfaldlovas §§ 8-12 .....	38
7.5. Økonomiske konsekvensar .....	39
7.6. Risiko- og sårbarheitsanalyse .....	39
<b>8. INNKOMNE MERKNADAR TIL MELDING OM OPPSTART .....</b>	<b>41</b>
<b>KJELDER .....</b>	<b>46</b>
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>47</b>

## 1. BAKGRUNN


Det er eit krav i Gravferdslova at kommunen skal ha ledige gravplassar til 3 % av innbyggjarane til ei kvar tid. Kommunen er no i den situasjonen at det må etablerast nye område for utviding av gravplassen for å tilfredstille dette kravet. Det er eit ynskje frå kommunen si side at utvidinga skal romme om lag 600 graver.

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for vidare utviding av gravplassen ved Meland kyrkje. Meland kommune har over ei tid jobba med å finne eit godt utvidingsareal for Meland gravplass. Ved førre rullering av kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune vart det sett av eit areal for utviding av gravplassen nord for kyrkja, med krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging. I innleiande fase av dette reguleringsplanarbeidet viste det seg at arealet var utfordrande å ta i bruk mellom anna på grunn av at området var utsett for flaum og at grunnvatnet sto høgt. Kommunen kom til at det kunne vera føremålstenleg å vurdere lokaliseringa av gravplassen på nytt før det blir varsla oppstart av planarbeid (reguleringsplan). Det ble derfor utarbeidd ei moglegheitsstudie der ein såg på ulike lokaliseringar i nærleiken av kyrkja, sjå figur 1-1. I dette arbeidet såg ein på fordelar og ulemper med dei ulike lokaliseringalternativa, her under omlegging av veg til Bjørnestad.

Ut frå ei totalvurdering konkluderte moglegheitsstudien med at alternativ A, sjå figur 1-1, peika seg ut til å vera den fagleg beste tomte. Dette området var alt regulert til gravplass. Tilrådinga føresette at det vert lagt til rette for parkeringsplass på høgde med arealet for utviding og ny veg opp til den nye gravplassen for å sikra universelt tilgjenge. Moglegheitsstudien har vore til handsaming både i Soknerådet, Formannskapet, Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Alle desse organa har slutta seg til konklusjonane i moglegheitsstudien.

Planarbeidet skal òg leggje til rette for at Bjørnestadvegen, som i dag går gjennom kyrkjetunet, vert lagt om.

Moglegheitsstudie ligg vedlagt planskildringa som vedlegg 6.



Figur 1-1 Utsnitt av flyfoto som viser dei ulike lokaliseringane som vart vurdert i moglegheitsstudiet. Flyfoto er henta frå finn.no

## 2. PLANPROSESSEN

### 2.1. Oppstartsmøte


Det vart halde oppstartsmøte med Meland kommune 23.02.18.

### 2.2. Kunngjering av oppstart av planarbeid

Varsel om oppstart vart kunngjort i avisa Nordhordland 21.03.2018. Offentlege høyringsinstansar, organisasjonar, aktuelle grunneigarar og naboar vart varsla i brev dagsett 19.03.2018. Planarbeidet vart også varsla på Meland kommune sine nettsider: <http://meland.kommune.no/kunngjeringar> og Asplan Viak AS sine nettsider: <https://www.asplanviak.no/kunngjoringer>.

Frist for å kome med merknader til oppstart av planarbeidet vart sett til 25. april 2018. Ved merknadsfristen til varsel om oppstart av planarbeid var det motteke i alt 5 uttalar frå offentlege instansar, 2 uttalar frå kommunale utval og 1 privat merknad.

Plangrense som vart varsla ved oppstart av planarbeidet:



Figur 2-1 Kart som viser varsla plangrense ved oppstart av planarbeidet.

Det har vore fleire undervegs møter med Meland kommune der Meland kyrkjelyd representert ved kyrkjeverge har deltatt. Det har også vore møte med Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for å orientere om planarbeidet.

### 2.3. Avklaringar med offentlege mynde

Det har vore skriftleg dialog med statens vegvesenet undervegs i planprosessen. Vegvesenet har ikkje kome med endeleg uttale.

### 3. TILHØVET TIL KU-FORSKRIFTA

I referat frå oppstartsmøte med Meland kommune 23.02.2018 har Meland kommune gjort ei førebels vurdering av at planarbeidet ikkje krev konsekvensutgreiing etter *Forskrift om konsekvensutredninger*.

Tiltaket inneberer ei utviding av gravplassen ved Meland kyrkje med ny tilkomstveg og parkering, samt legg til rette for omlegging av veg til Bjørnestad. Utvidinga skal ferdigstille førre utviding.

I det følgjande er det gjort ei vurdering opp mot KU- forskriftas §§6-8:

#### **§6 Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:**

*Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding*

- a) *kommuneplanens arealdel etter §11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1 og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak etter vedlegg I og II.*
- b) *Reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*
- c) *Tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.*

Reguleringsplanarbeidet fell ikkje under tiltak i vedlegg I.

#### **§7 Planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutredes, men ikkje ha melding**

*Følgende tiltak og planer etter andre lover skal alltid konsekvensutredes, men ikke ha melding:*

- a) *tiltak i vedlegg II som behandles etter energi-, vannressurs- eller vassdragsreguleringsloven*
- b) *planer og programmer etter andre lover som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II og som vedtas av et departement.*

Reguleringsplanarbeidet fell ikkje under tiltak i vedlegg I eller II.

#### **§8 Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn**

*Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:*

- d) *reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*
- e) *tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven*

Reguleringsplanarbeidet fell ikkje inn under tiltak i vedlegg II.

Vurdering: reguleringsplanarbeidet fell ikkje under §6, §7 eller §8 og krev ikkje konsekvensutgreiing etter *Forskrift om konsekvensutredninger*.



## 4. PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER

For arealplanlegging vert det utarbeidd både nasjonale og regionale mål og retningslinjer. I tillegg utarbeider kommunen egne mål og retningslinjer for sin kommune. Det overordna kommunale plangrunnlaget for det aktuelle planområdet er eksisterande kommuneplan Meland kommune.


### 4.1. Nasjonale føringar til kommunal planlegging

I samsvar med § 6-1 i plan og bygningslova er det utarbeidd eit eige dokument med *nasjonale forventningar til kommunal planlegging*. Kapitlet om kulturminneverdiar er det mest aktuelle for dette planarbeidet.

Kulturminne og naturmiljø er viktig for identitet og tilknytning. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål.

### 4.2. Kommuneplanens arealdel


Gjeldande arealdel til kommuneplanen viser sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan *reguleringsplan for Meland Kyrkje* (vist med planID 19920205 på kartet under). Reguleringsplanen skal gjelde før kommuneplanen sin arealdel. Vidare er det sett av eit areal for utviding av gravplassen nord for kyrkja, slik det er vist på figuren under, mørk lilla farge (GU). Langs bekken i nord er det avsett omsynssone bevaring naturmiljø og støysone langs riksveg. Elles er arealbruken rundt grav- og urnelund avsett til LNF-område.



Figur 4-1 Utsnitt frå arealdelen til kommuneplanen. Plangrense vist med raud strek.

### 4.3. Gjeldande reguleringsplan

I gjeldande reguleringsplan er planområdet sett av til gravlund og offentlige bygningar (raud farge), jordbruk /skogbruk (lys grøn farge), friområde /park (mørk grøn farge), trafikkområde (lys og mørk grå) og hytter (gul farge) jamfør figur 4-2.




Figur 4-2 Gjeldande reguleringsplan. Plangrense vist med sort strek.

Eksisterande reguleringsplan for utviding av Meland kyrkje er frå 1992. Den viser utviding mot aust. Planen viser også omlegging av Bjørnstadvegen og fylkesvegen. Planen legg i tillegg opp til ny parkeringsanlegg mellom freda gravplass og Meland kyrkje.

#### 4.4. Eigedomstilhøve

Planområdet består av fleire gards- og bruksnummer og teigar av varierende storlik og form. Sjø figur 4-3. Grunneigar, med gards- og bruksnummer, for planområdet og for eigedommane som grensar til planområdet går fram av tabellen nedanfor.



Figur 4-3 Kart som viser eigedommar (gnr/bnr) som inngår i planområdet. Kart utarbeidd av Asplan Viak.

Gbnr	Grunneigarar i planområdet og tilgrensande eigedommar
16/2, 16/5	Dale Lasse André og Therese Løkvik
16/18	Meland kommune
16/31	Meland Sogns almue
16/35, 16/37	Meland kommune
17/4, 17/11	Meland kommune
17/3	Anne Kari Walde
17/14	Kjell Arne Bjørnstad
17/16, 17/17, 17/18, 17/19	Meland kommune

## 5. SKILDRING AV PLANOMRÅDET (DAGENS SITUASJON)

### 5.1. Lokalisering og storleik på planområdet

Planområdet ligg på Meland i Meland kommune, mellom Erstad i nordvest, Bjørnestad i nordaust og Dale i sør, sjå figur 5-1. Meland er ein øy- og kyst kommune i Hordaland kopla til fastlandet via Flatøy og Nordhordlandsbrua til Bergen kommune.



Figur 5-1, Oversiktskart til venstre som viser lokalisering av planområdet markert med raud sirkel. Utsnitt frå Asplan Viak kartet. Ortofoto til høgre viser planavgrensing, raud stipla strek. Kart utarbeidd av Asplan Viak AS.

Plangrensa følgjer avgrensing for gjeldande reguleringsplan i aust. I sør følgjer plangrensa langs areal regulert til gravplass i gjeldande reguleringsplan. I sørvest følgjer planavgrensinga vestre del av eldre gravplass ved Fv. 244, Melandsvegen. I nord tar planen med areal satt av til framtidig grav- og urnelund i kommuneplanens arealdel 2015, og areal satt av til LNF fram til bekk.

I nord er det teke med areal for å leggja om Bjørnestadvegen nord for gravplassen slik intensjonen er i gjeldande reguleringsplan. For å sikre areal til midlertidig anleggsområde ved etablering av ny veg og gravplass, er plangrensa trekt til bekk i dalbotnen.

### 5.2. Dagens arealbruk

Dagens arealbruk er i utgangspunktet gjeldande reguleringsplan, men i og med at denne ikkje er realisert omtalar vi under korleis faktisk bruk er og såleis korleis området framstår i dag.

#### 5.2.1. Meland gravplass

Kyrkja med tilhøyrande gravplass er den einaste i kommunen og ligg på Meland. Innanfor planområdet er det registrert fleire bygningar, mellom anna kyrkja (kapell), fleire lagerbygg/ skur med variert standard, driftsbygning, Kyrkjestova (Gml. Kommunehuset) som vert nytta til samlingar for barn og unge og ein skog- og utmarkskoie (gapahuk) innanfor areal til drift. I tillegg er det ei gamal hytte og eit skur på utsiktspunktet sør for eksisterande gravfelt.

Kyrkja disponerar i dag tre parkeringsplassar, ein stor og to små, i tillegg er det parkering langs Bjørnestadvegen ved større arrangement samt at området nord for kyrkja av og til vert nytta til parkering.

Gravplassen er delt i to, Bjørnestadvegen skil kyrkja og den eldste gravplassen frå ein nyare gravplass i aust. Det vestlege gravfeltet ligg innanfor opphavelag gravplassmur og grensar til fylkesveg Fv. 244, Melandsvegen, i vest. Terrenget rundt kyrkja er relativt flatt. Gravplassen rundt kyrkja har ein trekantform som er inngjerda med steingjerde mot fylkesveg og mot Bjørnestadvegen. Mot dyrka

mark er det ein låg terrengmur og ei trerekke som skil marka frå gravplassen. Kyrkja sin hovudtilkomst er frå Bjørnstadvegen.



Figur 5-2: Foto over til venstre viser kyrkja med den eldste delen av kyrkjegarden i framkant. Foto til høgre viser trekke mot dyrka mark og freda gravplass i bakgrunnen. Foto: Asplan Viak AS.

Gravfeltet i aust ligg i bratt terreng med køyrbar gangveg opp til eit øvre platå. Det er gravplassar på begge sider av vegen. Gravfelta aust for kyrkja er prega av terrengmurar og til dels svært bratte tilkomstvegar. Den siste utvidinga er ikkje ferdigstilt og gravplassen ser uferdig ut.



Figur 5-3: Foto viser køyrbar gangveg med gravfelt på begge sider. Kvitt stakittgjerde til høgre i biletet er midlertidig. Utsyn mot driftsavdeling. Foto: Asplan Viak AS.



Figur 5-4: Foto viser gravfelt på platåa over kyrkja. Foto: Asplan Viak AS.

Eksisterande gravplass ved kyrkja og aust for kyrkja har ikkje dreneringsanlegg. Terrenget ved kyrkja ligg noko høgare enn kringliggjande dyrka mark. Kringliggjande dyrkamark er svært blaut. Den øvre delen ser ikkje ut til å ha grunnvassproblem pga. av terrengforma og at grunnen er drenerande.

### 5.2.2. Utvidingsarealet for gravplass og veg /parkering

Arealet utpeikt for utviding av gravplass ligg heilt aust i planområdet, på ei høgde over kyrkja i direkte tilslutnad til eksisterande gravfelt aust for kyrkja. Arealet ligg i ei vestvendt skråning med lauvskog i bakkant, og med gode soltilhøve. Arealet består av lausmasser, fjell og myr.



Figur 5-5: Foto viser utvidingsareal i sør, myr og lauvskog, innslag av gran. Foto: Asplan Viak AS.

### 5.2.3. Tilgrensande arealbruk

I kommuneplanen sin arealdel er omkringliggjande areal sett av til landbruk, natur- og friluftsområde. Naboareala til gravplassen er i hovudsak landbrukseigedomar og vegar samt nokre få einebustader. Fylkesveg 244, Melandsvegen, går langsmed planområdet i vest.

### 5.3. Universell tilgjenge

Stigningstilhøvet i planområdet er definert som ein av hovudutfordringane i høve utviding. Interne gangvegar og stikkvegar på gravplassen er bratte og tilfredstillar ikkje gjeldande regler for universell utforming/tilgjenge. Særleg den øvre delen av gravplassen i aust har svært bratt tilkomst.

### 5.4. Topografi / landskapstrekk

Norsk institutt for Jord- og Skogkartlegging (NIJOS), no Skog og Landskap, har gjort ei inndeling av Noreg i landskapsregionar. Referansesystemet deler Noreg inn i 45 landskapsregionar basert på store likskapstrekk i landskapet. Kvar region har sin særprega karakter. Meland høyrer til region 21 'Ytre fjordbygder på Vestlandet.'

Regionen ligg mellom ytterkyst og innlandsfjordar. I Hordaland har regionen eit relativt ope preg med mellom anna vide fjordstrekk og ein ofte låg horisont mot vest, landskapet er prega av åsar og storkuperte heier. Regionen har til dels lite lausmassar, men kan ha enkelte større samanhengande morenedekker.

Fjorden bind regionen saman, men også ferskvatn er viktig komponent i landskapsbiletet. Små og korte vassdrag er karakteristisk, men også vasspyttar, tjern, middelsstore vatn og innsjøar.

Variert berggrunn, mykje nedbør og ulik avstand til kysten, gjev regionene ein variert vegetasjon. Regionen framstår som frodig og grøn. Typisk for regionen er lauv- og furuskogar, men karakteristisk er også innslag av edellauvskog. Eldre styvingstre er meir spreitt, men er likevel fortsatt forholdsvis utbredt. Også ulike typar furuskog er utbredt, særleg på låge åsar eller dalsider med tynt jorddekke. Myrane i regionen består ofte av atlantiske myrkompleks. Gran finst i plantefelt, men har spreitt seg og etablert seg naturleg i terrenget. Skogsvegetasjon er karakteristisk for regionen og gjev ofte jordbruksmark og busetnad ei tett innramming.

Regionen sine sparsame lausmassar er godt utnytta til jordbruksformål, dei best eigna områda er gjerne oppdyrka, grasproduksjonen dominerer på dyrka mark. Regionen har også tilgang på skog. Det store tal av beitedyr gjer at regionen har eit særprega beitelandskap med stor tidsdjupne og kontinuitet.

Regionen har jamn busetnad med forholdsvis stort folketal. Jamt over ein heilskapleg busetnad. Regionen har rike fornminneområder.

Landskapet i området vert vurdert som karakteristisk og representativt for regionen med gode visuelle kvalitetar.

### 5.5. Naturmangfald

Det er ikkje utført eiga feltarbeid i høve denne utredninga. Ut frå kart, ortofoto og bilete synast planområdet i hovudsak å bestå av dyrka mark, attgrodd kulturmark og fattig lauvskog/ furuskog. Bilete syner at kulturmarken innafør o\_BGU 3 er attgrodd. Ingen viktige naturtypar eller rødlista artar er registrert innafør planområdet (Naturbase og Artskart, 18.12.2018).

Like utanfor planområdet på dyrka mark sør for kyrkja er det registrert ei førekomst av sandvale (NT: Nær Trua), ei førekomst med bergirisk (NT) og ei førekomst med grashoppesangar (NT) (Artskart, 18.12.2018). I tillegg finst ei registrering med heipipelerke (Artsobservasjonar, 18.12.2018). Førekomsten med grashoppesangar (NT) er registrert i Artsobservasjonar under aktivitet song/spill,

og resten av funna er registrert under aktivitet næringsøkande. Dette området fungerer truleg difor som rasteområde for fugl.

Tiltaka i planforslaget har ikkje påverknad på hjortevilt i nemneverdig grad, og er derfor ikkje vektlag her.



Figur 5-6 Foto viser bekk /grøft i utkanten av planområdet. Foto: Rune Lunde, Asplan Viak AS.

## 5.6. Landbruk

I følgje gardskart.nibio er areal avsett til utviding av gravfelt i planforslaget i hovudsak produktiv skog med høg til sær s høg bonitet. Areal nord for kyrkja som er sett av til vegføremål er i dag fulldyrka jord, men i gjeldande reguleringsplan er arealet sett av til vegføremål.

## 5.7. Kulturminne og kulturmiljø

I plan- og influensområdet ligg Meland kyrkje (listeført kyrkje, Id 84933). Denne blei innvigd i 1866 og står på Meland gnr. 16. I 1898, eller før, blei tårnhetta tekt om med kopar i staden for zink, og hovuddøra vart utskifta. I 1947 blei det støypt nye trapper og sett opp ny gravplassport. Ved ei ombygging i 1955 blei det sett opp nye sakristilbygg sør og nord for det gamle. Det vart også utført ei omfattande interiørendring og oppussing med funksispreg teikna i 1939. Eit stort villalikhende tilbygg for dåpsventerom og bårhus, teikna av Ark. Ole Halvorsen, vart sett opp nord for koret i 1973. I 1990 blei tårnhetta reparert, medan det i 1993-94 blei utført innvendig oppussing med vekt på å ta vare på det meste frå 1955.





Figur 5-7 Registrerte kulturminne i plan- og influensområdet. Automatisk freda kyrkjestad frå mellomalderen (Id 156372) vist med blått og gult omriss, listeført kyrkje (Id 84933) vist med skravur og SEFRAK-registrert bygningar i tunet på g/bnr. 16/4, vist med gul trekant (ikkje meldepliktig).

I tilknytning til gøta<sup>1</sup> aust for kyrkja ligg Kyrkjestova (Gml. Kommunehuset) frå 1909. Bygningen er ein viktig del av kulturmiljøet kring kyrkja. Huset har hatt ulike samfunnsmessige funksjonar opp igjennom tida, og er eit viktig kulturminne knytt til den historiske samlingstaden Meland kyrkjestad er for søre Holsnøy.



Figur 5-8. Kyrkjestova frå 1909 ligg fint til langs gøta. Foto: Asplan Viak AS.

<sup>1</sup> Gøta er ei gate/ veg med mur på begge sider.

Om lag 200 m sørvest for dagens kyrkje og gravplass ligg ein automatisk freda kyrkjestad frå mellomalderen (Id 156372). På den gamle kyrkjestaden har Meland kyrkje 1 og Meland kyrkje 2 stått. Mellomalderkyrkja (Meland kyrkje 1) var truleg eit stavbygg, men rundt 1616 blei denne erstatta av ei tømmerkyrkje (Meland kyrkje 2) på same tufteområde. Denne blei reve etter at noverande kyrkje sto ferdig. Dei to eldre kyrkjene sto der gardens gamle tun ligg. Kyrkjegarden (omgitt av steingard) med tuft er bevart, men ikkje lenger i bruk. Kyrkja er nemnd i skattelistene frå før 1350. Ein dryg kilometer aust for kyrkja heiter det Krossfjellet.



Figur 5-9 Meland gamle kyrkjestad. Automatisk freda kyrkjestad frå mellomalderen (Id 156372). Foto: Asplan Viak AS.

I tunet (Meland gbnr 16/4) like sør for dagens kyrkje ligg det tre SEFRAK-registrerte minne (SEFRAK id 1256 0209 020, 021 og 022). Dette er våningshus og løe frå siste halvdel av 1800-talet, samt ruin etter moldhus frå tidleg på 1900-talet.



Figur 5-10 Våningshuset på Meland (16/4) frå 1800-talet tredje kvartal. Foto: Asplan Viak AS.

Dei registrerte kulturminnelokalitetane, med kyrkjestad frå mellomalderen, dagens kyrkje og eldre gardstun, inngår i eit verdifullt kulturhistorisk jordbrukslandskap med steingardar, rydningar, bakkemurar, åkrar og beite.

## 5.8. Grunntilhøve, skred og flaum

### Lausmassar

Areal for ny vegtrase til Bjørnestad er i fylgje NGU sitt lausmasekart dekt av lausmassar i form av forvittringsmateriale. Utvidingsareal for gravplassen er også i hovudsak dekt av forvittringsmateriale, men lengst sør er det morene, sjå kart under.




Figur 5-11 Illustrasjonen over viser NGU sitt lausmasekart for området. Kjelde: geo.ngu.no

### Skred

NVE Atlas viser at det er inga skredfare innanfor planområdet.

### Flaum

Kart frå NVE Atlas under viser aktsemdsområde flaumsone innanfor planområdet. Innanfor aktsemdsone er det planlagt for landbruk (LNFR) med føresegningsområde «anlegg- og riggområde». Aktsemdsone kjem ikkje i konflikt med planlagt ny veg til Bjørnestad. Det er ikkje planlagt noko bruk som kjem innunder arealdisponeringa som er skildra i dei ulike sikkerheitsklassane i TEK 17 §7-2, og dermed vil det ikkje utløyse krav til full flaumsonekartlegging med talfesta risiko på flaumfaren.




Figur 5-12 NVE Atlas viser aktsemdsområde for flaum like vest for areal for etablering av ny avkøyrsløse til Bjørnestad. Kjelde: [www.atlas.nve.no](http://www.atlas.nve.no)

### 5.9. Veg og trafikktilhøve

Kyrkja og gravplassen ligg i krysset mellom Melandsvegen og Bjørnestadvegen. Fylkesveg 244 heiter Bjørnestadvegen fram til krysset ved kyrkja, der gjer fylkesvegen ein sving mot vest og fortset som Melandsvegen. Bjørnestadvegen fortset rett fram og mot aust inn til Bjørnestad. Bjørnestadvegen skil kyrkja og gravplassen aust for kyrkja. Ved gravferder er det ikkje nok parkeringsplassar så det vert parkert langs Bjørnestadvegen. Det hender at vegen blir meir eller mindre stengd av 'villparkering' slik at dei som brukar denne vegen som tilkomstveg ikkje kjem seg fram.

Fv 244 går langsmed gravplassmuren i sør, det er ikkje særleg stor trafikk på vegen, om lag 300 ÅDT. Vegstrekka er smal, men oversiktleg.



Figur 5-13 Illustrasjon viser namn på vegar rundt Meland kyrkje. Kjelde: Asplan Viak kartet.

## **5.10. Vatn og avlaup**

### **5.10.1. Vassforsyning og brannvatn**

Offentleg vassforsyning i området består av ein leidning DN110 PVC i fylkesvegen (Fv 244). Denne er forsynt frå kommunal vassleidning DN220 PVC som kjem frå sør og går over marka sørvest for kyrkja.

Kyrkja har tilknytning til kummen i fylkesvegen. Ifølgje driftsavdelinga ligg det private leidningar fram til kyrkja, samt vidare til kyrkjestova (husnr. 261) kor det står ei pumpe som aukar trykket på vatnet fram til vassposter på øvre gravplass.

Vassleidningane er ikkje påvist og bør kartleggjast nærmare i detaljprosjekteringsfasen.

Når det gjeld vatn til brannslukking fins det eit uttak i kummen i fylkesvegen.

Elles ligg det ei privat vassleidning aust for eksisterande kyrkjegard, som forsyner nokre eigedomar frå privat brønn, eigd av eigedomane 17/3, 2 og 16. Hus nr. 255 og 237 på Naboeigedom 16/4 får i dag vatn frå dette systemet, via ein leidning som ligg på tvers over sørleg del av kyrkjegarden.

### **5.10.2. Spillvann og overvann**

Det er registrert to slamavskiljarar ved kyrkja på 4 m<sup>3</sup> kvar. Desse vert tømte av Norva 24 Vest AS. Det er ikkje meldt om problem med desse.

## 6. SKILDRING AV PLANFORSLAGET

### 6.1. Innleiing

På gravplassen kan ein ofte møte menneske i ulike situasjonar. Gravplassen er ein stad for både seremoniar og minne. Korleis ein tenker i høve utforming av ein gravplass vil difor vera prega av dette.

Vi tenker at gravplassen har ei fleirfunksjonell rolle. Ein gravplass er ein gravplass for dei som soknar til den, ein plass for sorg og glede, ein park for allmennheita, ein stad for botanisk mangfald, ein kulturberar, ein stad for eit mangfald av trussamfunn samt at gravplassen skal fungere godt for dei som har gravplassen som sin arbeidsplass.


Hovudformålet med planforslaget er å leggja til rette for utviding av gravplassen ved Meland kyrkje samt å leggja til rette for å flytte trafikken til Bjørnestad nord for kyrkja. På denne måten blir det ikkje gjennomgangstrafikk mellom kyrkja og gravfelta i aust.

Det var i utgangspunktet (gjeldande reguleringsplan) planlagt å utvide gravplassen i aust, men på grunn av bratt og vanskeleg tilgjenge vart det i kommuneplanen sett av areal til utviding nord for kyrkja. Nord for kyrkja står grunnvatnet høgt noko som er utfordrande ved etablering av gravfelt. Det vart trong for å sjå på alternative areal igjen. Ei moglegheitsstudie der ein såg på ulike lokaliseringar for utvida gravplass i nærleiken av kyrkja, sjå vedlegg 6, konkluderte med at det mest eigna arealet for utviding var der ein fyrst hadde tenkt, i aust, på ei høgde over kyrkja (i samsvar med gjeldande reguleringsplan). Arealet ligg i direkte tilslutnad til eksisterande gravfelt og utvidinga vil kunne ferdigstille førre utviding. Ein føresetnad for dette valet var at ein måtte etablere ny veg opp til område og parkeringsplass i høgde med dei nye gravelta. Gangavstanden blir mindre enn 400 meter frå kyrkja, men den visuelle avstanden blir likevel så pass stor at ein bør etablere ein ny parkeringsplass på den øvre delen.

Arealet for utviding er på om lag 10 000m<sup>2</sup> og gjev dermed god plass til nye gravplassar og tilhøyrande fasilitetar (som eksempelvis gangveger, kvileplassar, vasspost med meir).

Planen legg til rette for at ein kan bygge ut etappevis, men på grunn av at ein må starte frå nord vil det vere uheldig om ein må forbi ferdigetablerte område med lastebilar for utskifting av massar mm. Det er difor konkludert med at det er mest tenleg å etablere vegar og ferdigstille masseutskiftinga med ein gong. Etablering av kvileplassar, minnesmerke for namna minnelund, vasspostar mm kan ein vente med dersom det er behov for å dele utbygginga i fleire etappar.

## 6.2. Reguleringsføremål



Figur 6-1 Utsnitt av plankart.

### Føremål som inngår i planen er følgende:

- §12-5 nr.1 Bygninger og anlegg**
  - Kyrkje/anna religionsutøving (1164)
  - Grav- og urnelund (1700)
  - Nødvendige bygg og anlegg for grav- og urnelund (1730)
- §12-5 nr.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur**
  - Veg (2010)
  - Gangveg/gangareal (2016)
  - Annan veggrunn - grøntareal (2019)
  - Parkeringsplassar (2080)
- §12-5 nr.3 Grønstruktur**
  - Park (3050)
  - Vegetasjonsskjerm (3060)
- §12-5 nr. 5 Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift**
  - LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (5100)
  - LNFR formål kombinert med andre angitte hovudformål (5900)

Planforslagets hovedformål er grav- og urnelund med nødvendige bygg og anlegg og naudsynte formål for infrastruktur.

#### Arealtabell

	Formål	Felt-benevning	Størrelse (daa)	Sum daa
1. Bygninger og anlegg	Kyrkje/anna religionsutøving (1164)	BR1 BR2	0,49 0,11	0,60
	Grav- og urnelund (1700)	BGU1 BGU2 BGU3	4,98 9,89 9,73	24,6
	Nødvendige bygg og anlegg for grav- og urnelund (1730)	BNG1 BNG2	0,94 0,80	1,74
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Veg (2010)	o_SV1 o_SV2 o_SV3 SV4	0,39 1,05 0,90 0,78	3,12
	Gangveg/gangareal (2016)	o_SGG1 o_SGG2 o_SGG3 o_SGG4	0,17 0,21 0,17 0,53	1,08
	Annan veggrunn - grøntareal (2019)	SVG	4,73	4,73
	Parkeringsplassar (2080)	o_SPA1 o_SPA2 o_SPA3 o_SPA4	1,13 0,36 0,22 0,65	2,36
3. Grønstruktur	Park (3050)	o_GP1 o_GP2 o_GP3 o_GP4 o_GP5	0,05 0,77 0,44 0,05 0,10	1,41
	Vegetasjonsskjerm (3060)	o_GV1 o_GV2	0,76 1,37	2,13
4. Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift	LNFR (5100)	L1 L2 L3	20,70 0,12 26,32	47,14
	LNFR formål kombinert med andre angitte hovudformål. Grav- og urnelund og LNFR (5900)	LAA1 LAA2	4,77 1,21	5,98
<b>Sum formål i plan</b>				<b>94,89</b>




## 6.3. Bygningar og anlegg

### 6.3.1. Kyrkje/anna religionsutøving

Felt o\_BR1 omfattar eksisterande Meland Kyrkje med tilhøyrande tilbygg (dåpsventerom og bårerhus). Bygningane skal bevarast. Kyrkja er saman med tilhøyrande gravplass felt o\_BGU1 omfatta av omsynssone – bevaring kulturmiljø.

Felt o\_BR2 omfattar eksisterande Kyrkjestova (Gml. Kommunehuset). Felt o\_BR2 er saman med tilgrensande göta omfatta av omsynssone – bevaring kulturmiljø.

Føresegn knytt til omsynssonene sikrar at fasadeuttrykk, form og konstruksjon skal takast vare på.




Figur 6-2 Utsnitt av plankart.

### 6.3.2. Grav og urnelund

Planforslaget viser 3 felt for grav- og urnelund (o\_BGU1, o\_BGU2 og o\_BGU3). Felt BGU1 og BGU 2 er eksisterande gravplass og felt o\_BGU3 omfattar ny del. Ny gravplass skal knytast saman med eksisterande gravplass og det skal skapast eit godt samspel mellom eksisterande og ny del slik at heile gravplass- anlegget opplevast heilskapleg.

Den eldste delen av gravplassen felt o\_BGU1 er omfatta av omsynssone – bevaring kulturmiljø. Føresegn stil krav om at (o\_BGU1) sin form, funksjon og inndeling skal bevarast, og at gravplassmuren skal takast vare på.

Ny gravplass ligg i direkte tilknytning til den nyaste delen av gravplassen (felt o\_BGU2). Det er lagt vekt på å binde saman eksisterande og ny gravplass særleg med tanke på gravfelt og gangvegssystem (bl.a. o\_SGG2 – o\_SGG4 og med gangvegar internt i gravplassfelt). Gravplass felt o\_BGU2 er ikkje ferdigstilt med gjerde, men planframlegget legg til rett for at endeleg gjerde kan setjast opp for heile anlegget slik at det framstår som ein heilskapleg park med eit felles formspråk og møblering.




Figur 6-3 Illustrasjonsplan viser utviding av eksisterende gravfelt med forslag til nye kistegraver, urnegraver og minnelund.

Høgdeskilnaden og avstanden frå kyrkja gjer at det utvida gravfeltet kan sjåast på som ein ny gravplass som treng tilkomstveg og parkering, men som likevel ligg som ein del av eksisterande gravplass. Det nye gravfeltet ligg om lag 17 høgdemeter over kyrkja, men ein har god oversyn til kyrkja og omkringliggende kulturlandskap. Sjå foto under.



Figur 6-4 Kyrkja og gravplassen med steingard sett frå aust mot vest. Foto: Asplan Viak AS.

Plankart og illustrasjonsplan viser ny tilkomstveg (o\_SV2) og parkering (o\_SPA4) på øvre nivå. Fyrste gravfelt etter parkeringsplassen er tenkt som urnelund i hovudsak på grunn av grunntilhøva. Vidare slynger gangvegen seg sørover. Det er støttemur mot terreng i aust og nye kistegraver i vest. Det er søkt å utvide gravfelte på eksisterande gravplass slik at ein får ein variasjon i felte, i tillegg er det mest arealeffektivt å samle gravene i staden for at det blir mange små felt. Gangvegen vert kopla til enden av eksisterande internveg og før den slynger seg vidare sørover. Her legg illustrasjonsplanen opp til nokre fleire urnegraver i tillegg til kistegraver. Her tilseier grunntilhøva at ein kan ha kistegraver heile vegen om ynskjeleg. Mellom dei to siste gravfelte er det etablert ein liten parkeringsplass for rørslehemma og bårabil. Denne parkeringsplassen bør ha ei utforming slik at plassen inngår meir som ein del av parkanlegget enn som ein tradisjonell parkeringsplass. Denne skal ikkje kunne nyttast anna enn ved gravferder. Sjå figur på neste side.



Figur 6-5 Utsnitt av illustrasjonsplan som viser namna minnelund og liten parkeringsplass for rørslehemma og bårebil.


Gangvegen opp til den namna minnelunden er også universelt utforma, men for å gå ein runde ned igjen til eksisterande gravfelt er det naudsynt med trapper. Den namna minnelund er plassert i nærleikane av eit flott utsiktspunkt der ein ser tilbake på heile gravplassen og kulturlandskapet kyrkja ligg i. Den namna minnelunden ligg mellom bergknausar i ein liten skog. Ved å ta vare på bergknausane og nokre av trea vil det skape ei fin og intim ramme rundt minnelunden. Illustrasjonsplan og figur 6-5 viser 3 moglege plasseringar for minnesmerke. Det er vist ein plass med minnesmerke, tre og benkar. Dei to andre plasseringane for minnesmerke er berre illustrert med ein signatur for minnesmerket. Det er uklart kor stort behovet er og kor mange minnesmerke ein skal setja opp. Tal namn pr felt på minnesmerket er sett til mellom 70 og 100. På skissert minnesmerke er det plass til to felt. Dersom ein set opp alle 3 minnesmerka samstundes vil det samla vere plass til opp mot 600 namn, så dette området har potensielt stor kapasitet.

Vasspostar er plassert ut over området slik at ingen treng å bera vatn meir enn 30-35 meter, dette er i samsvar med tilrådingane for maks avstand i 'Kirkegårdsboka'. Det er ikkje planlagt lys på gravplassen, men i detaljprosjekteringa av anlegget må det vurderast lys i samband med parkeringsplassane, portane og ved driftsavdelinga.

### 6.3.3. Nødvendige bygg og anlegg for grav- og urnelund

Felt o\_BNG1 omfattar driftsareal knytt til gravplassen. Arealet omfattar eksisterande og utvida areal. Området får ny tilkomst (o\_SV2). Tilkomsten er dimensjonert for lastebil. Innanfor område kan det oppførast driftsbygg og plasserast container (dimensjonert for å romme ein container).

I dag er det eit problem at dersom porten til gravplassen aust for kyrkja står open (pga, drift /grasklyppar), vert det køyrt inn med privatbilar. Planen legg til rette for at ein kan stenge gravplassen for privatbilar, men drift likevel har tilgang. Sjå figur på neste side som viser plassering av portar.



Figur 6-6 Utsnitt av illustrasjonsplan som viser driftsområde (o\_BNG1) med tilhørende vegsystem og plassering av portar.

Felt o\_BNG2 er eksisterande driftsområde for kyrkja/ gravplass. Føresegna opnar for at området kan nyttast til parkering for tilsette ved kyrkja og rørslehemma. Føresegna sikrar at det ikkje er tillate med utelagring eller plassering av containere innanfor feltet. Det er tillate å sette opp eit mindre bygg i samband med drifta, men bygget skal vera tilpassa form og farge på kyrkjebygget.

#### 6.4. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

I plan og bygningslova heiter det at gravplassen skal til retteleggjast etter gjeldande reglar for universell utforming. Det skal vera god framkome på vegar/gangvegar for bæreprosjon, publikum og teknisk utstyr til alle gravfelt, vegsystem skal ikkje leggjast til rette for gjennomgangstrafikk.

##### Gravplass kjem inn under TEK 17 §8-2: Uteareal med krav om universell utforming

###### a) Uteareal for allmennheten

I rettleiaren til forskrift om universell utforming står det mellom anna at gangtilkomst skal vera trinnfri og ha stigning som ikkje er brattare enn 1:15, unntak strekningar inntil 5 meter som kan ha stigning som ikkje er brattare enn 1:12. For kvar 1 meter terrenghøgde skal det vera kvileplan på minimum 1,6 x 1,6 meter.

Gangvegen skal ha fri breidde på minimum 1,8 meter. For kortare strekning, inntil 5 meter, kan fri breidde vere minimum 1,4 meter. Tverrfall skal vera maksimum 2%. I tillegg skal det vera fast og sklisikkert dekke, visuell og taktil avgrensing.

Dersom terrenget er for bratt til at ein kan oppnå kravet om stigningstilhøva, skal stigning vera maks. 1:10.

For å tilfredsstille god tilgjenge til gravfelta o\_BGU2 og o\_BGU3 er det skissert ein ny parkeringsplass (o\_SPA4) på same nivå som utvidingsarealet (o\_BGU3). Dette lettast tilgjenge til delar av allereie etablert gravplass i dette området. Illustrasjonsplanen viser frå parkeringsplass o\_SPA4 universelt utforma gangvegssystem heilt sør på gravplassen og opp til namna minnelund.

#### 6.4.1. Veg

Kyrkja og gravplassmuren ligg i krysset mellom Melandvegen og Bjørnestadvegen. Trafikken til Bjørnestad går i dag forbi kyrkja og skil kyrkja og gravplassane oppom vegen (aust for kyrkja) i to. Enkelte dagar og ved spesielle arrangement vert det konflikt mellom parkerte bilar ved kyrkja og gjennomgangstrafikken til Bjørnestad. Dei parkerte bilane hindrar framkome på vegen.


På grunn av kyrkja sitt ønske om å betre dei trafikale tilhøva rundt kyrkja, legg planforslaget opp til at ein skil framtidig trafikk til kyrkja frå gjennomgangstrafikken til Bjørnestad.

Foreslått ny veg, med avkøyrsløp frå fylkesveg 244 vest for kyrkja (o\_SV3), blir ny tilkomst til bustadene på Bjørnestad. Denne vegen gjer tilhøve betre for vegfarande til Bjørnestad, då dei ikkje lengre må køyre gjennom «kyrkjetunet». Med denne nye vegen vert eksisterande port for drift til gravplass felt o\_BGU1 frå Melandsvegen (Fv 244) stengt. Dette er vist med punktsymbol stenging av avkjørsel i reguleringsplankart. Avkøyrsla vert erstatta med ei ny avkøyrsløp frå o\_SV3 på nordsida av same gravplass. Sikt er satt til 4x20m. SV4 er eksisterande veg av Bjørnestadvegen som vert oppretthalde som i dag.

Dimensjonerande kjøretøy for ny avkøyrsløp (o\_SV3) er lastebil, kjøremåte C. Regulert vegbredde er 3,5m på det smalaste og vegen er dimensjonert for lastebil kjøremåte B. Det er lagt inn møteplassar med tilstrekkeleg møtesikt, der det er mogleg for bil og lastebil å passere kvarandre. Antatt ÅDT frå Bjørnestad og inn på Fv244 med eksisterande (5-6stk) bustader og drift til gravplass o\_BGU1 er antatt å være lågare enn 50. Med fartsgrense 50km/t i Fv244 og antatt mengde trafikk til/frå o\_SV3 er sikt satt til 4x45m (avkøyrsløp).

Dei som skal til/frå kyrkjeområdet med bil, nyttar eksisterande avkøyrsløp og veg (o\_SV1). Veg o\_SV1 gjev direkte tilkomst til kyrkjeområdet og til dei eksisterande parkeringsplassane (i felt o\_SPA1 og o\_SPA2).

o\_SV2 er ny veg og gjer tilkomst til driftsområde o\_BNG1, tilkomst til ny gravplass (o\_BGU3) og til ny parkeringsplass (o\_SPA4). Utvidingsarealet (o\_BGU3) ligg i kupert terreng og med slak stigning frå nord mot sør (frå omlag 128 moh til omlag 136 moh). Vegen o\_SV2 har stigning maks 1:10. Gangavstanden frå kyrkja til ny gravplass ligg mindre enn 400 meter frå kvarandre. Denne vegen (o\_SV2) skal vere prosesjonsveg ved gravferder. Vegen (o\_SV2) erstattar dagens eksisterande køyretilkomst til gravplass (felt o\_BGU2) og til driftsområde (o\_BNG1), sjå figur under.



Figur 6-7 Raud line markerar kor eksisterande tilkomstveg til gravplass (o\_BGU2 og driftsområde (o\_BNG1) går.

#### 6.4.2. Gangveg/gangareal

Gangveg o\_SGG1 er gangtilkomst mellom Bjørnestad og Meland kyrkje. Gangvegen skal vere køyrbar for drift av gravplassen. Veggen er ein del av dagens Bjørnestadveg.

Gangveg o\_SGG2 omfattar i hovudsak eksisterande gangveg som knyt kyrkja og den eldste delen av gravplassen saman med nyare del. Gangvegen er svært bratt og reknast ikkje å vere universelt utforma. Føresegna opnar for at det kan etablerast trapper i nedre del av gangvegen mot veg o\_SV1. Gangvegen med tilhøyrande murar skal elles oppdretthaldast som i dag.

Når eksisterande køyreveg til driftsbygg og gravplass blir sanert må nedre del av gangvegen justerast.



Figur 6-8 Foto til høgre viser gangveg med tilhøyrande murar på begge sider. Foto til høgre viser nedre del av gangveg som må omarbeidast. Foto: Asplan Viak AS.

o\_SGG3 er ny gangtilkomst mellom ny veg o\_SV2 og gravplassfelt (o\_BGU2 og o\_BGU3). Gangvegen skal vere køyrbar og gi tilkomst til parkeringsplass o\_SPA3.

o\_SGG4 er gangveg frå parkeringsplass o\_SPA3 til ny del av gravplassen (o\_BGU2). Gangvegen er del av eksisterande tilkomst til driftsområde (o\_BNG1).

#### 6.4.3. Annan veggrunn – grøntareal

Areala skal nyttast til grøfter, skjeringar, fyllingar støttemurar og liknande. Areala skal ha ei parkmessig utforming.

Foto under syner areal nord for kyrkja der det er planlagt ny veg til Bjørnestad. Nærleiken til kyrkja gjer at arealet som er sett av til anna veggrunn må opparbeidast med grøntanlegg, gjerne med ein hekk for å få ein god buffer og skjerm mellom veg og gravplass. Gravplassmur/ terrengmur mot dyrka mark skal takast vare på, og kan reparerast om naudsynt.



Figur 6-9 Foto til venstre viser garasje ved kyrkja. Areal til venstre i biletet (nord for kyrkja) er sett av til vegføremål. Foto til høgre viser mur og høgdeskilnad i overgangen mellom gravplass og dyrka mark. Foto: Asplan Viak AS.

#### 6.4.4. Parkeringsplasser

o\_SPA1 omfattar eksisterande parkeringsplass. Det er ei større tosidig parkeringsplass for besøkande nordaust for kyrkja. Planforslaget inneberer mindre justeringar av parkeringsplassen i sørvest.

o\_SPA2 omfattar eksisterande kantparkering i vegen søraust for kyrkja. Parkeringsplassen vil bli noko endra i samband med etablering av o\_GP1.

o\_SPA3 er eksisterande parkeringsplass for besøkande til gravplassen aust for kyrkja (o\_BG2). Parkeringsplassen får ny tilkomstveg via o\_SV2 og o\_SGG3.

o\_SPA4 er ny parkeringsplass for besøkande i tilknytning til det nye gravfeltet (o\_BGU3). Illustrasjonsplanen viser området opparbeidd med 26 parkeringsplassar, der ein av parkeringsplassane er vist som parkering for rørslehemma. Parkeringsplassane er tiltenkt dei som ikkje kan eller ynskjer å gå den bratte gangvegen (o\_SGG2) frå kyrkja og opp til gravfelta (o\_BGU2 og o\_BGU3). Rundt parkeringsplassen er det naudsynt med ein støttemur på grunn av det skrånande terrenget. Illustrasjonsplanen viser at parkeringsplassen kan rammat inn med vegetasjon for å skjerme denne visuelt frå gravplassen elles.



## 6.5. Vatn- og avløp

Det er utarbeida VA-rammeplan etter Meland kommune si VA\_ norm. VA-rammeplan datert 12.04.2019 er sendt VA-avdelinga i kommunen for uttale.

VA-rammeplan viser heilskapleg løysning for vassforsyning, spillvatn og overvasshandtering. VA-rammeplanen skal leggjast til grunn og vere styrande for framtidige detaljprosjektering. Hovudprinsippa for vatn, avlaup og overvatn i denne VA-rammeplanen er som fylgjer:

- Overvatn handterast lokalt på eigedomen ved hjelp av grøfter, sluk, sandfang og fordrøyningsmagasin. Vidareføring og spreining til terreng, slik som ved dagens situasjon.
- Drensvatn førast i eige system separat frå overvatnet og leiast til terreng. Ein skal føre så mykje som mogeleg mot nord for å unngå belastning mot sør. Dersom noko førast mot sør skal dette vurderast ført via filtermassar.
- To hus på eigedom 16/4 skal få ny tilknytning til kommunalt nett.
- Det leggjast opp til etablering av framtidig kommunal vassleidning i ny veg mot Bjørnestad.
- Det etablerast ikkje nye spillvassleidningar i forbindelse med tiltaket. Eksisterande tilhøve beholdas.

Viser elles til vedlagt VA-rammeplan for utfyllande skildring av løysingar.

## 6.6. Grønstruktur


### 6.6.1. Park

Felt o\_GP1- o\_GP5 skal opparbeidast som park og vere ein del av gravplassområdet. Områda er inngangsparti til gravplassfeltet felt o\_BGU2 og o\_BGU3 og skal markerast som dette. Parkområda skal også binde saman ulike deler av gravplassen.

Felt o\_GP3 skal skjerme mot innsyn frå gravplassfeltet o\_BGU2 og BGU3 til driftsområde o\_BNG1.

### 6.6.2. Vegetasjonsskjerm

Føremålet med vegetasjonsskjerm o\_GV1 og o\_GV2 er å sikre ei buffersone mot SV4 i nord og skjerme mot innsyn til driftsområde o\_BNG1. Vegetasjonsskjerm skal anleggast med lettstelt grøntareal (revegeterast med stadeigen vegetasjon).



Figur 6-10 Utsnitt av plankart som viser vegetasjonsskjermane.

## 6.7. Landbruk- natur- og friluftsområde

### 6.7.1. LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksmed basert på resursgrunnet på garden

L1, L2 og L3 skal nyttast til landbruk og gardstilknytt næringsverksemd.

Store delar av L1 og mindre delar av L3 har også føresegnssone anlegg- og riggområde. I samband med etablering av ny veg til Bjørnstad og ny tilkomstveg til ny gravplass kan desse område nyttast til masseflytting, transport og andre anleggstiltak.

### 6.7.2. LNFR formål kombinert med andre angitte hovudformål

Det er ikkje teke endeleg stilling til gjerde rundt gravplassen. I dag er det eit kvitt tregjerde som vart sett opp midlertidig. Det viser seg at hjorten ikkje kjem inn på gravplassen i dag. Det er uvisst kvifor han held seg unna gravplassen. Ein må sjå på om utforming eller farge på gjerdet har innverknad på dette før ein tek eit endeleg val.

I samband med detaljprosjektering skal utforming og plassering av gjerde fastsetjast. Innanfor områda LAA1 og LAA2 kan det setjast opp gjerde og evt. portar for å ramme inn gravplassen i felt o\_BGU3. Når plassering av gjerde er fastsett, skal areal innanfor gjerde vera ein del av gravplassen og arealet utanfor gjerde skal tilfalle landbruksføremålet.

## 6.8. Omsynssoner

Planforslaget har to ulike sikrings- og faresoner.

- Sikringszone frisikt
- Faresone høgspenningsanlegg

Naturmiljø og kulturminne innanfor planområdet er sikra ved bruk av omsynssone bevaring naturmiljø og bevaring kulturmiljø.

### 6.8.1. Høgspenningsanlegg

Innanfor sone H370 sør i planområdet går eksisterande høgspent luftleidning.

### 6.8.2. Bevaring naturmiljø

Omsynssona bevaring naturmiljø H560 følgjer sørsida av bekk /grøft nord i planområdet. Føresegna sikrar at det skal takast omsyn til vegetasjon innanfor sona.

### 6.8.3. Bevaring kulturmiljø

Planforslaget viser den eldste delen av gravplassen med kyrkja, nyare tilbygg og gravplassmurar som omsynssone bevaring kulturmiljø H570\_01. Meland kyrkje er listeført kyrkje frå 1800. Planforslaget viser også gøta aust for kyrkja og Kyrkjestova (Gml. Kommunehuset) frå 1909 som omsynssone bevaring kulturmiljø H570\_2.

Føresegnene sikrar at bygningane skal bevarast og gravplassen med gravplassmur og gøta aust for kyrkja skal takast vare på.



Figur 6-11 Utsnitt av plankart som viser omsynssonar - bevaring kulturmiljø H570\_1 og H570\_2.

## 7. VERKNADER AV PLANFORSLAGET

I arbeidet med planen har det ikkje kome fram informasjon om alarmerande tilhøve kring konsekvensar av, eller risiko- og sårbarheit (ROS)- tilhøve knytt til området eller til planlagd arealbruk. Når det gjeld verknadar av planframlegget, vil me kommentera fylgjande:

### 7.1. Miljø

#### 7.1.1. Landskap

Landskapet i området vert vurdert som karakteristisk og representativt for regionen med gode visuelle kvalitetar.

Nedre del av planområdet rundt kyrkja er relativt flatt, medan terrenget blir brattare mot aust-søraust. Ny tilkomstveg til Bjørnestad og utviding av gravplassen i aust er lokalisert slik at tiltaka planen legg til rette for ikkje vil påverke storskalalandskapet. Planområdet er ikkje sårbart for inngrep, og tiltaka i planforslaget fører ikkje til nye konsekvensar for landskap.

Planen legg i hovudsak til rette for ny gravplass med tilhøyrande tilkomstveg og parkering, samt omlegging av Bjørnestadvegen. Området kan sjåast frå avstand, men planlagt utbygging gjer ikkje at fjernverkanden av tiltaka vil framstå som markerte eller som ei stor endring i landskapet. Tiltaka ligg ikkje på markerte høgdedrag eller i landskapsilhuett.

Nærverknaden av tiltaka vil fyrst og fremst vera knytt opp til endra naboskap for dei kringliggjande eigedommane. Elles er stadtilpassa utbygging med gode materialval og kvalitetar i detaljane avgjerande for nærverknaden.

Området er vurdert til å ha visuelle kvalitetar som er typiske for området. Det er vurdert slik at endringar innanfor planområdet ikkje vil ha negative konsekvensar for landskapet. Planen er vurdert til å ha **ingen konsekvens** i forhold til landskap.

#### 7.1.2. Naturmangfald

Det vurderast at planen ikkje fører til konsekvensar for naturverdiane i området. Planen er vurdert til å ha **ingen konsekvens** i forhold til naturverdiar.

##### *Usikkerheiter*

For organismegrupper som ikkje er undersøkt ved feltarbeid er det knytt noko uvisse til kunnskapsgrunnlaget i høve vurdering av verknader for naturmangfald.

#### 7.1.3. Kulturmiljø

Innanfor planområdet ligg Meland kyrkje (listeført) med gravplass og gøta aust for kyrkja og Kyrkjestova (Gml. Kommunehuset med omsynssonar bevaring kulturmiljø. Utanom desse er det ikkje registrert andre viktige kulturminneverdiar eller automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Tiltaka vil ikkje ha negativ konsekvens for Meland kyrkje med gravplass, eller på den freda gravplass som ligg i influensområdet. Planframlegget er på bakgrunn av føreliggjande informasjon vurdert til å ha **ingen konsekvens** for kulturmiljø.


#### 7.1.4. Nærmiljø og friluftsliv

Søk i databasar gjev ingen treff på registrerte viktige nærmiljø- /friluftskvalitetar innanfor planområdet, men det er etablert ein gapahuk ved driftsbygget som speidaren brukar. Ein gravplass skal i tillegg til å ha funksjon som gravplass vere ein park for allmennheita. Med veg opp og parkering til den øvre del av gravplassen og ferdigstilling av gangvegssystemet med tilhøyrande gravfelt vil gravplassen som park bli ferdigstilt.

Områda for etablering av nye vegar eller utviding til gravplass er ikkje eigna for eller i bruk for leik i dag. Dagens gangsamband og gravplassen som park vert forbetra. Tiltaket vil ha **noko positiv konsekvens** for nærmiljø og friluftsliv.

### 7.1.5. Støy og forureining

Statens vegvesen har utarbeidd støyvarslekart for Meland kommune. Utsnittet under viser støymålingar frå området forbi Meland kyrkje og gravplassen. Dei ulike støysonene er vist med raud og gul sone. Gul sone er ei vurderingssone der nye bygg kan førast opp dersom det kan dokumenterast tilfredsstillande støyforhold. Støyvarslekartet utarbeidd av Statens vegvesen viser at det er området nærmast fylkesvegen som er utsett for støy, gul sone og noko raud sone nærmast veglina. Areal innafor støysona omfattar eksisterande gravplasser, veg og parkeringsplassar. Det er ikkje planar om nye bygg innanfor gravplassområda.



Figur 7-1 Støyvarslekart i samsvar med T-1442, Meland kommune. Utsnitt ved Meland kyrkje. Kjelde: Staten vegvesen Region vest, januar 2011.

Plassering av tiltaket nær opp til eksisterande gravplass fører til **ingen konsekvens** i høve støy og forureining.

## 7.2. Samfunn

### 7.2.1. Arealbruk og jordvern

Arealbruken i planframlegget er i samsvar med den fastsette arealbruken i kommuneplanen, men berre delvis i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Det aktuelle arealet for ny veg nord for kyrkja er i samsvar med gjeldande reguleringsplan, det aktuelle arealet for utvida gravplass er i samsvar med gjeldande reguleringsplan med unntak av hyttetomta sør i planområdet. Hyttetomta regulert til hyttetomt i gjeldande reguleringsplan, men er i planforslaget innlemma i gravplassen. Arealbruken er ein direkte følgje av prioriteringane og vala som er gjort gjennom kommunale prosessar.

Landbruk er viktig for framtida si matsikkerheit og handlar om forvaltning av felles naturressursar. For å sikre matproduksjon er det viktig med eit sterkt jordvern, kombinert med betre utnytting av tilgjengeleg jordbruksareal. Behovet for utbygging må til ei kvar tid vegast opp mot jordvernet. I forhold til gjeldande reguleringsplan tar ikkje planframlegget i vesentleg grad meir areal enn det som allereie er omdisponert i gjeldande plan.

I høve noverande arealbruk og framtidig arealbruk, er planframlegget vurdert til å ha **ingen konsekvens**.

### 7.2.2. Egedomsstruktur

For å byggje ny veg til utvida gravplass må Meland kommune erverve noko areal på gnr 17 bnr 3. Kommunen må også erverve noko areal på gnr 16 bnr 2 i samband med ny veg til Bjørnestad.

Planframlegget fører til mindre endringar i egedomsstrukturen innanfor planområdet. Planen er vurdert til å ha **liten negativ konsekvens** i forhold til egedomsstruktur.


### 7.2.3. Barn og unge

Områda for utviding av gravplass eller etablering av ny veg til Bjørnestad er ikkje i bruk til leik i dag. Inne på driftsavdelinga er det ein gapahuk. Plasseringa av gapahuken er ikkje god med tanke på området sin bruk og karakter, driftsavdeling. Med bakgrunn i dette er verknadane av planframlegget vurdert til å ha **liten negativ konsekvens** for barn og unge.

### 7.2.4. Trafikk og parkeringstilhøve

Planen vil ikkje påverke framkoma på fylkesveg 244. Avkøyrsla for drift inn på den eldste gravplassen blir stengd og det blir etablert ein ny veg og avkjørsle (o\_SV3) til Bjørnestad. Denne er regulert med ei utforming som er i samsvar med vegnormalane til vegstyresmaktene. Avkøyrsla til kyrkja og gravplassen blir som i dag. Ved å skilje avkøyrsla til bustadane på Bjørnestad og avkjørsle til kyrkja og gravplassen får vi ein ryddigare og meir oversiktleg trafikksituasjon. Trafikkauken på Fv244, som følgje av planen, vert ubetydeleg.

Illustrasjon under vises planforslaget sett saman med gjeldande reguleringsplan frå 1992 som viser framtidig omlegging av Fv244. Når omlegging av Fv244 blir bygd er uvisst. Dette planforslaget bygger opp under intensjonane frå eksisterande plan frå 1992 om å etablere ny veg inn til Bjørnestad. Planforslaget med ny avkjørsel frå dagens Fv244 vil ikkje vere til hinder for at kryss i framtidig vegsystem kan etablerast og koplast til ny Fv244 slik som reguleringsplan for omlegging av Fv 244 frå 1992 viser. Sjå figur under.



Figur 7-2 Illustrasjon som viser planforslaget sett saman med gjeldande reguleringsplan frå 1992 som viser framtidig omlegging av Fv. 244.

Verknadene av planen er vurdert til å ha **liten positiv konsekvens** for trafikk.

### 7.3. Oppsummering av verknadane

Det tema som kjem noko dårleg ut er barn og unge. Dette er på grunn av at gapahuken må takast vekk for å etabler ny tilkomst til driftsavdelinga. Med ny plassering av gapahuken innanfor planområdet eller anna eigna stad vil det kunne vege opp for ulempene i høve barn og unge.

### 7.4. Oppfølging av naturmangfaldlovas §§ 8-12

I følgje naturmangfaldlovas § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Under følgjer vurderingar etter §§ 8-12 i lova.

Naturmangfaldlovas § 8 seier at kunnskapsgrunnlaget knytt til område der det er planar om nye inngrep skal vere vitenskapleg basert. Samstundes skal kunnskapen som leggjast til grunn for verdi- og konsekvensvurderingar vere tilstrekkeleg og relevant for avgjersele.

Gjennom feltarbeid vart planområdet undersøkt for elvemusling (sjå eiga notat). Det er ikkje utført feltarbeid i høve terrestrisk naturmangfald. Det er henta informasjon frå nettkjelder og rapportar. Det er knytt lite usikkerheit til datagrunnlaget frå tidlegare registreringar i planområdet.

For organismegrupper som ikkje er undersøkt ved feltarbeid er det knytt noko uvisse til kunnskapsgrunnlaget, men potensialet for funn av verdfulle naturtypar eller artar i planområdet vurderast som lite. Eksisterande kunnskap vurderast difor som tilstrekkeleg for å vurdere verknader av planen for naturmangfaldet i planområdet. Det er difor lite truleg at føre-var-prinsippet trer i kraft.

Naturmangfaldlova har gjennom § 10 innført eit krav om å vurdere sum verknadar av tekniske inngrep på biologisk mangfald. Det er gitt ei nærare omtale av korleis dette skal utførast i vegleder T-1514 (Miljøverndepartementet 2012). Vurderingane skal bygge på kjend og tilgjengeleg informasjon om andre planar og utreda verknader for naturmangfald, og skal vektlegge tiltakets verknader for eventuelle førekomstar av verdfulle naturtypar (jf. Miljødirektoratets Håndbok 13), utvalde naturtypar i høve naturmangfaldlova § 52, økosystem som er viktige økologiske funksjonsområde for trua artar i Norsk Raudliste 2015 og prioriterte artar i høve naturmangfaldlova § 23 (jf. Vegleder Naturmangfaldlova kapittel II). Det skal vurderast om tilstanden og bestandsutviklinga til slike artar/naturtypar som nemnd over kan bli vesentleg råka.

I vurdering av samla belastning bør det leggjast vekt på om det finst kommunale eller private planinitiativ eller andre tiltak som påverkar dei same naturtypene i området. Ingen viktige naturtypelokalitetar eller raudlisteartar er registrert innfor planområdet. Det vurderast at tiltaket ikkje forringar eller øydelegg leveområdet for trua eller nær trua dyre- og plantearter, heller ikkje saman med andre påverknader. Prinsippet i naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er dermed vurdert.

Naturmangfaldlovas § 11 pålegg tiltakshavar å bære kostnadane ved miljøforringing. Det er tiltakshavar som dekker eventuelle kostnader for å hindre eller avgrense skadar på naturmangfaldet.

I lovas § 12 er det gitt retningslinjer om at det skal velgjast teknikkar, driftsmetodar og lokalisering som gir det beste samfunnsmessige resultatet, der omsyn til naturmangfaldet er en viktig faktor. Anleggsfasen bør utførast så skånsamt og miljøvennleg som mogleg.

### 7.5. Økonomiske konsekvensar

Planen legg til rette for utviding av Meland gravplass og etablering av ny veg til Bjørnstad. Kommunen skal stå for utviding av gravplassen samt etablering av ny veg til Bjørnstad. Kommunen er i dag eigar av mesteparten av areala og tiltaka er i hovudsak i samsvar med overordna planar. For å etablere ny veg til Bjørnstad må Meland kommune erverve noko areal på gnr 16 bnr 2. Kommunen må også erverve noko areal på gnr 17 bnr 3 i samband med etablering av ny tilkomstveg til areal for utviding av gravplassen. Kommunen skal også etablere parkeringsplass i nærleiken av utvidingsarealet. Det vil vere kostnader knytt til omlegging og etablering av teknisk infrastruktur, irekna VA- anlegg og overvassanlegg, og kablar.

### 7.6. Risiko- og sårbarheitsanalyse

Med utgangspunkt i reguleringsplanforslag for Meland kyrkjegard, gnr. 17, bnr, 4, 18 m.fl. i Meland kommune er det gjennomført en risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Denne er utført i tråd med DSB sin rettleiar *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging* (DSB, april 2017) og etterkommer plan- og bygningslovens krav om ROS-analyser ved all planlegging (jf. plan- og bygningsloven §4-3).

Følgande moglege uønskte hendingar er identifisert, basert på gjennomgang av sjekklister, møte med Meland kommune og Meland kyrkjelyd, og gjennomgang av overordna ROS- analyse for Meland kommune

- Skogbrann

Risiko og sårbarheit for den aktuelle hendinga er analysert ved bruk av eige analyseskjema. Vurdering av sannsyn og konsekvens er basert på erfaring frå tilsvarande tilfelle og fagleg skjønn. Risiko for den enkelte hending er fastsatt ved bruk av ei risikomatrix med kategoriane grønn, gul og rødt risiko. For hendingar i røde område er risikoreduserande tiltak påkrevd, for hendingar i gule område bør tiltak vurderas, medan hendingar i grønne område inneber ein akseptabel risiko.

Resultata av risikoanalysen er summert i tabellen under.



Tabell 1 Oppsummering av risikoanalysen

Uønska hending	Risiko					Forslag til risikoreduerende tiltak
	Liv/helse	Miljøskade	Økonomiske/materielle verdier	Samfunns-viktige funksjoner	Produksjon	
1. Skog- og lyngbrann						Ikkje behov for risikoreduerende tiltak i plan.

## 8. INNKOMNE MERKNADAR TIL MELDING OM OPPSTART

Oppstart av planarbeidet er kunngjort i avisa Nordhordland 21.03.2018, på Asplan Viak AS og kommunen sine heimesider. I tillegg vart grunneigarar og høyringsinstansar direkte tilskrivne i brev 19.03.2018. Frist for merknader var sett til 25.04.2018. Det kom inn i alt 8 merknader til varsel om oppstart. I ettertid har det vore skriftleg dialog med vegvesenet.

Merknad	Kommentar
Offentlege høyringsinstansar	
<p>Statens vegvesen, datert 05.04.18</p> <p>Statens vegvesen er positiv til at Bjørnstadvegen vert lagt om. Vidare er vegvesenet nøgde med at kommunen vil regulere heile gravplassen på eine sida av fylkesvegen, slik at ein unngår kryssing av vegen til og frå gravlunden.</p> <p>Planarbeidet må sikre at vegsystemet får ei trafikk sikker utforming både i mellombels fase med dagens fv 244, og når fylkesvegen er lagt om i tråd med gjeldande reguleringsplan for Meland kyrkje. Intensjonen i den gjeldande reguleringsplanen når det gjeld framtidig vegsystem må ikkje endrast. Det må sikrast ei god tilpassing av vegsystemet i dei ulike reguleringsplanane.</p> <p>Med føreslått plangrense, vil framtidig kryss mellom fv. 244 og Bjørnstadvegen verte i tråd med gjeldande reguleringsplan for Meland kyrkje. Haldeplass for buss er og regulert i gjeldande plan, og ligg utanfor plangrensa for det oppstarta planarbeidet.</p> <p>Vegvesenet ber om at det vert utarbeida ei illustrasjonsteikning som følgjer plandokumenta, som viser kryssløysing i ein mellomfase der ny Bjørnstadveg vert kopla mot eksisterande fylkesveg 244. Statens vegvesen vil gjerne ha denne til vurdering før formell høyring av reguleringsplanen. Vegvesenet ber om at handbok N100 Veg- og gateutforming vert lagt til grunn ved val og utforming av løysingar, og at det vert knytt føresegn til at krysset skal byggjast i tråd med prinsippa vist i illustrasjonsteikninga.</p> <p>Byggeplan skal vere godkjent av Statens vegvesen, og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar, før arbeid knytt til fylkesvegen kan setjas i gang.</p>	<p>Vegvesenet sine merknader er teke til følge. Det har vore skriftleg dialog med statens vegvesen undervegs i planprosessen kor vegteikningar og planteikning har vert sendt på e- post.</p> <p>Avkøyrsla til kyrkja og gravplassen blir som i dag. Ved å skilje avkøyrsla til bustadane på Bjørnstad og avkjørsla til kyrkja og gravplassen får vi ein ryddigare og meir oversiktleg trafikk situasjon.</p> <p>Planforslaget bygger opp under intensjonane frå eksisterande plan frå 1992 om å etablere ny veg inn til Bjørnstad. Planforslaget med ny avkjørsel frå dagens Fv244 vil ikkje vere til hinder for at kryss i framtidig vegsystem kan etablerast og koplast til ny Fv244 slik som reguleringsplan for omlegging av Fv 244 frå 1992 viser.</p> <p>Sjå kap. 6.3. og 7.2.4 i planskildringa for utfyllande.</p> <p>Utforming av veg – og trafikkareal er i samsvar med vegnormalane til vegstyresmaktene</p>
<p>BKK, datert 09.04.18</p>	<p>BKK har elektriske anlegg i planområdet som er vist på vedlagt kart (ikkje offentleg). Det må ikkje setjast i verk tiltak som fører til forringing av tilkomst til anlegga, og heller ikkje gripast inn i terrenget slik at det fører til</p> <p>Føresegna sikrar at leidningar innanfor planområdet må takast</p>

	<p>endring av overdekking over kablar eller oppfylling av terrenget som fører til redusert høgde opp til luftleidningsanlegg.</p> <p>Kabelanlegg i bakken skal ikkje teiknast inn på plankartet.</p> <p>Dersom planen føreset at eksisterande høgspenningsanlegg må flyttast eller leggst om, må det setjast av plass til ny trase og/eller nettstasjonar. Eventuell alternativ energiforsyning til området må avklarast på eit tidleg tidspunkt.</p> <p>Det vert gjort merksam på at det ved bygging i nærleiken av elektriske anlegg ikkje alltid er samsvar mellom byggjeforbodsbelte og avstand som er naudsynt for å kome under anbefalt utgreiingsgrense for magnetfelt.</p> <p>Planen må ta omsyn til følgjande:</p> <p>Eksisterande høgspennings luftleidning: Leidningane har eit byggjeforbodsbelte på totalt 16 meter, 8 meter horisontalt ut til kvar side frå senter. Traseen må setjast av enten som eige arealformål eller som ei omsynssone.</p> <p>Eksisterande høgspenningskablar. Det må takast omsyn til høgspenningskablane som ligg innafor planområdet, ved at det ikkje vert planlagt tiltak over eller nært ved kabelgrøfta slik at kabelanlegget vert utsett for fare og framtidig tilkomst til kabelanlegget vert hindra. Det må bestillast kabelpåvising for å få ei nøyaktig kartfesting av kabelens plassering i terrenget.</p> <p>Behov for ny nettstasjon, og tilhøvet til eksisterande frittliggjande nettstasjon: Det må setjast av plass dersom det er behov for flytting eller etablering av ny nettstasjon. Den må plasserast minimum 3 meter frå vegkant og utanfor vegen sine frisktssoner. Størrelsen på nettstasjonen kan vere opptil 15 m<sup>2</sup>. Nettstasjonen kan også plasserast i eige rom i bygg, og då gjeld særskilte reglar. For både nye og eksisterande nettstasjonar gjeld at desse må stå minst 5 meter frå bygning med brennbare overflater.</p>	<p>omsyn til.</p> <p>Høgspenningsluftleidningar er i plankartet vist med faresone høgspenningsanlegg med byggjeforbodsbelte på 16 meter. Føresegna sikrar at alt som skal etablerast innafor byggjeforbodssona skal godkjennast av kommunen og leidningseigar.</p>
<p>Den norske kyrkja, Bjørgvin bispedømeråd, datert 25.04.18</p>	<p>Bispedømerådet viser til at det har vore utarbeidd mogleighetsstudie som vurderer fire ulike alternativ. Dei viser vidare til at kommunestyret i Meland og Meland kyrkjelege fellesråd har vedteke at dei sluttar opp om alternativ A.</p> <p>Bjørgvin bispedømeråd er representant for statleg fagmynde i reguleringsplansaka, og skal uttala seg før vedtak vert fatta. Bispedømerådet viser til gravferdsloven og gravferdsforskrifta, som regulerer forhold knytt til gravplassar og gjev detaljerte reglar knytt til utforming av gravplassane. Arbeidet må gjerast i tråd med desse reglane.</p> <p>Bispedømerådet har bede rådgjevar for gravplassaker i Den norske kyrkja om fråsegn, og trekk fram følgjande som mest relevant for denne saka:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Det skal være en buffersone mellom</i></li> </ul>	<p>Bispedømerådet sine merknader er teke til følgje.</p>

	<p><i>gravplassareal og naboskap.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Gravplasser skal skjermes etter gjeldende retningslinjer for behandling av støy i arealplanleggingen.</i></li> <li>• <i>Gravplasser skal tilrettelegges etter gjeldende regler for universell utforming.</i></li> <li>• <i>Utvidelse av gravplass skal skje etter gravplassplan som vedtas av kirkelig fellesråd og godkjennes av bispedømmerrådet.</i></li> <li>• <i>Det er bestemmelser knyttet til grunnvannsnivå og jorddybder på gravplass.</i></li> <li>• <i>Gravferdslovens intensjon er videre at nedbrytning av gravinnhold skjer innen 20 år. Dette stiller strenge krav til grunnforholdene på en gravplass. Geoteknisk vurdering skal inngå som en del av en gravplassplan, men kan med fordel utarbeides allerede i forbindelse med reguleringsplan.</i></li> <li>• <i>Forslag til reguleringsplan bør bygge på en illustrasjonsplan/forprosjekt til gravplassplan som viser utforming av gravplassutvidelsen, atkomstveier og parkering. Det kan også med fordel legges inn i bestemmelsene til reguleringsplanen om at videre planlegging skal skje i samsvar med gravferdslov og forskrift til gravferdslov.</i></li> </ul> <p>Desse merknadene vert støtta av bispedømmerrådet.</p>	
<p>NVE, datert 26.04.18</p>	<p>NVE er nasjonal sektormynde innafor saksområda flaum- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og elektrisk kraft:</p> <p>Flaum, erosjon og skred: God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skadar frå flaum, erosjon og skred. Det vert vist til plan- og bygningslova og byggeteknisk forskrift om krav til tryggleik mot desse farane ved planlegging og utbygging. Det vil ofte vere trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare på reguleringsplannivå. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.</p> <p>Vassdrag- og grunnvasstiltak: Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og det kan utløysast konsesjonsplikt etter Vassressurslova dersom tiltak fører til skader eller ulemper for allmenne interesser. Reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.</p> <p>Energianlegg: Planen må ta omsyn til anlegg som har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga.</p> <p>Det vert vist til fleire rettleiarar og verktøy til hjelp i planarbeidet innafor NVE sitt saksområde.</p> <p>NVE skal ha planen til offentleg ettersyn dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde. NVE legg til grunn at kommunen vurderer om nasjonale og vesentlege regionale interesser vert råka. Det må gå tydeleg fram av planen korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i</p>	<p>NVE sine innspel er teke til følgje.</p> <p>Innanfor planområdet er det aktsemdsområde flaumsone (NVE Atlas). Innanfor aktsemdsone er det planlagt for landbruk (LNFR) med føresegningsområde «anlegg- og riggområde». Det er ikkje planlagt noko bruk som kjem innunder arealdisponeringa som er skildra i dei ulike sikkerheitsklassane i TEK 17 §7-2, og dermed vil det ikkje utløyse krav til full flaumsonekartlegging med talfesta risiko på flaumfaren.</p> <p>Overvatn blir handtert i VA- rammeplan.</p>

	<p>planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sin saksområde må vere lagt ved plandokumenta. NVE kan gje fagleg hjelp til konkrete problemstillingar dersom dei blir bedne om dette.</p>	
<p>Hordaland fylkeskommune, regionalavdelinga</p>	<p><b>Kulturminne og kulturmiljø:</b></p> <p>Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast i planskildringa ved offentleg ettersyn. Det må inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. Både fornminne, bygningar/bygningsmiljø, steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne og kulturlandskap er viktig å få fram. Planen skal ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne.</p> <p>For betre å ivareta den gamle kyrkjegarden som er av nasjonalinteresse, ber HFK om at plangrensa blir utvida i sør, slik at Meland gamle kyrkjestad og areal som i gjeldande reguleringsplan er vist som ny veg og parkeringsplass blir omfatta.</p> <p><b>Automatisk freda kulturminne:</b></p> <p>Det vert vist til fleire funn av automatisk freda kulturminne på Meland. Dette gjeld med anna spyd, sverd og øks frå jernalderen, og kvartsittbryne og slipeplanet av sandstein frå steinalderen. Den automatisk freda mellomalderkyrkjестaden på Meland ligg rett sør for planområdet.</p> <p><b>Arkeologisk registrering:</b></p> <p>Det er naudsynt med ei arkeologisk registrering då delar av planområdet har potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne. Budsjettet for registreringa vil bli ettersendt. Det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i planområdet på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Kostnader må betalast av tiltakshavar.</p>	<p>Planforslaget omtalar kulturminne og kulturmiljø innanfor planområdet og tilgrensande planområde. Planforslaget har ikkje negative verknader for kulturminne eller kulturmiljø.</p> <p>Plangrensa er ikkje utvida i sørvest då det ikkje er aktuelt å regulere ny veg og parkeringsplass vist i gjeldande plan frå 1992.</p> <p>Det er gjennomført arkeologiske registrering 2018 og det blei ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminne.</p>
<p>Private merknader</p>		
<p>Knut Magne Bjørnstad og Knut Martin Bjørnstad</p>	<p>Merknadsstillarane viser til at dei har vassleidning i området som er planlagt til ny gravplass. Dei ber om at vassleidningen vert lagt om på ein god måte og utanfor det som skal brukast til nye område til gravplass.</p>	<p>Det ligg ei privat vassleidning aust for eksisterande kyrkjegard, som forsyner nokre nabolomter frå privat brønn. Hus nr. 255 og 237 på naboeigedom 16/4 får i dag vatn frå dette systemet, via ein leidning som ligg på tvers over sørleg grense på eksisterande gravplass.</p> <p>Omkopling av vassleidning til private bustader vil bli handtert i detaljprosjekteringa av</p>

		anlegget.
Kommunale utval		
Eldrerådet, saksnr. 20/2018, 26.04.18	Eldrerådet gjorde følgjande samrøystes vedtak:  Eldrerådet tek varsel om oppstart av planarbeidet til vitande. Eldrerådet vil peike på at veg frå eksisterande fylkesveg/parkeringsplass får så jamn stigning som mogeleg. Viktig at inngripen i naturen vert så liten som mogeleg.	Innspelet vert teke til orientering.
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, sak 12/2018, 26.04.18	RMF gjorde følgjande vedtak:  Rådet føreset at ein legg inn i planen korleis alle kan delta i eit gravfølge. Rådet ønskjer å få saka til handsaming før ho skal til handsaming i UDU, slik mandatet til rådet seier.	Innspelet vert teke til orientering.  Det er bratt stigning opp til ny gravplass. Planforslaget viser ny parkeringsplass i enden av ny veg slik at det vert mogleg for heile gravfølge å følgje prosesjon herfrå. Det er også sikra at det skal etablerast parkeringsplassar for rørslehemma.

## KJELDER

---

Helge Klingberg, 2005, Den nye kirkegårdsboka

Gravplassen – en håndbok, av Helge Klingberg, 2016.

Den nasjonale kulturminnebasen Askeladden ([www.asketadden.ra.no](http://www.asketadden.ra.no))

SEFRAK-registeret

NBIO Nasjonalt referansesystem for landskap, Skog og landskap.

Gardskart.skogoglandskap.no

Geoteknisk datarapport, Utviding av Meland Kirkegård, 2016-11-10, Norconsult AS

Miljødirektoratet, [naturbasen.no](http://naturbasen.no)

NGU sitt lausmassekart, [geo.ngu.no](http://geo.ngu.no)

[http://publikasjoner.nve.no/report/2011/report2011\\_07.pdf](http://publikasjoner.nve.no/report/2011/report2011_07.pdf)

TEK 17

Plan og bygningslova

## VEDLEGG

---

- 1) Illustrasjonsplan
- 2) Plan og profil veg
- 3) ROS- analyse
- 4) VA- rammeplan
- 5) Elvemusling, notat datert 13.06.2017, Asplan Viak AS
- 6) Kulturhistoriske registreringar
- 7) Rapport moglegheitstudie Utviding Meland kyrkjegard